

Pokalfangst i påskesol

Hans Magne Helland vann den niande utgåva av Snønuten Open (SNO).

Arne Vestbøstad

For nokre er påske rolege dagar i solvegen, med appelsinkjøt mellom tennene og Kvikkklunsj-restar rundt munnen. Andre tyner ut det siste av vinteren og snøen i liene ned frå heia i "frikjøringsrennet" SNO.

I år var det 24 deltakarar med i rennet som gjekk påskeaftan. Helland brukte åtte minutt og 41 sekund frå toppen av Snønuten og ned til parkeringsplassen på Mostøl som er målområdet. Dette var andre gongen Hans Magne vann.

Foreviga vinnarløpet

Nytt av året er at Helland har investert i eit kamera festa til hjelmen, så vinnarløpet er foreviga på film og lagt ut på bloggen hans. Alt før filmen var publisert gjekk diskusjonen rundt sporval, og fleire har nå studert opptaket for å komma fram til beste trasévalet. Helland fortel at dei fleste nok kjørte den same traséen som han.

– Eg såg etter lure snarveggar på veg opp,



Hans Magne klar på startstreken. (Foto: Mari Wedum).

men snøen var blåst vekk på dei plassane eg vurderte, så eg kjørte ned den same vegen som eg kom opp. Det rekna eg med var den raskaste vegen.

Det gir historia han rett i og neste år kjem svaret på om Helland har svekka vinnarsjansane sine med å dela opptaket med omverda.

Amputert seremoni

Vanlegvis samlast deltakarane for trekking av startnummer på langfredag. I år var det slik stelt at ein del av deltakarane ikkje kom før laurdag morgon, så den



SNO-deltakarane 2011. (Foto: Mari Wedum).

delen av programmet vart bytt ut med privat nummertrekking og hemmeleg preparering av ski.

Trass i den seine påsken var det snø så godt som heile traséen, og været tillét start ved varden heilt på toppen.

– Dette var det beste året på lenge når det gjeld snømengda. Det var eit par ber-

re flekkar på vegen, men det gjekk greit å forsera dei. Det er og to-tre år sidan sist me kunne starta heilt på toppen, så dette var bra, synest Helland.

Alt etter målplassering starta nok fleire av veteranane oppkjøringa mot neste års renn som vert det tiande i rekkja.

www.alarmbutikken.no

Hanor AS Sikkerhet til Hytter og Hus

Boligalarm uten abonnement



Powermax Complete
Kr 4500,-

Røkvarsleranlegg

Piper en piper alle, Trådløse
Priser fra kr 750,- (3stk)



Varmestyring og alarm



Hyttestyring med SMS
Fra kr 4000,-

GSM forsterker



Manuell løsning:
kr 2750,- komplett
230V løsning: kr 10200,-
m/antennar og kabel

Fjøsamerapakke Trådløs

Kamerapakke
Landbruksalarm

kr 6990,-
Fra kr 15000,-
kr 21230,-



Alt i alarm og kamera, antenner og kommunikasjon.
For montering be om pris, vi er i nærheten.

Hanor AS • www.hanor.no
Tlf. 51863131 • Mob. 90563131

NYTT FRÅ SULDAL

www.suldal.net

Takk frå sjukeheimen

- Til alle frivillige som var med og hjelpte til på basaren vår.
- Til alle som kjøpte lodd for til saman kr 17.626,-
- Til sanitetsforeninga som stelte til ein flott fest på sjukeheimen 12. april.
- Til alle som deltek i besøkstenesta året rundt!

Helsing oss alle på sjukeheimen

Har du hus/leilegheit for utleige?

Busetjing og integrering av flyktningar

Kommunen har eit spesielt ansvar for å skaffe den første bustaden til nye flyktningar som vert busette her. Introduksjonstenesta i kommunen hjelper også introduksjonsdeltakarane med å skaffe bustad til dei som alt er busette i kommunen, men som av ymse årsaker treng ein annan bustad enn den dei alt har. Introduksjonstenesta vil med dette be huseigarar om å vurdere utleige.

Alt er av interesse i dalføret Suldalsosen – Sand!
Interessert? Ta kontakt for vidare diskusjon.
Brita Bøen Hofun, tlf. 480 71 763.

Krise-senteret

for Haugesund & omegn har ope heile døgnet.
Dei har beredskap 24 timer i døgnet; ein vesentleg føresetnad for å kunna yta hjelp i akuttituasjonar.

Tlf. 52 72 98 84



Ryfylke



Velkommen innom!

Gåvebuå as

GAVT & INTERIØR